

SAK 4: ARBEIDSPLAN
FOR HORDALAND MÅLLAG
MARS 2019 – MARS 2020

1 Hordaland Mållag vil slutta opp om arbeidsprogrammet til Noregs Mållag. Me vil arbeida for å auka
2 kjennskapen til nynorsk og for å få fleire til å nytta og fremja nynorsk på alle område i samfunnet.

3

4 Fylkeslaget har litt andre oppgåver enn eit lokallag.

5 Viktige punkt vil vera:

6

7 NYNORSK OPPLÆRINGSMÅL

8 Det er avgjerande at me held fram med, og aukar, skulemåloffensiven me starta opp i 2017.

9 a) Mange fleire fyrsteklassingar må få nynorsk opplæringsmål. Skal nynorsken verta styrkt, må
10 fleire ha han som hovudmål.

11 b) All nynorskopplæring er viktig. Me vil styrkja nynorsken i heile utdanningsløpet, frå
12 barnehage til høgskule- og universitetsnivå. Me vil stogga målbyttet frå nynorsk til bokmål og
13 ha nynorsk opplæring for framandspråklege. Det må vera eit mål at alle bokmåselevar får
14 byrja å læra nynorsk tidleg.

15

16 SAMLA INN MIDLA OG FÅ TIL FLEIRE FINANSIERINGSORDNINGA FOR STILLINGA I HORDALAND

17 MÅLLAG

18 Me vil sikra at stillinga vert 100% i åra framover. Me vil arbeida for at stillinga held fram og etter
19 sommaren 2019.

20

21 MÅLLOVSARBEID

22 Hordaland Mållag vil halda fram med å ha ein mållovsansvarleg. Dette arbeidet har ført fram mange
23 stader, noko som gjev inspirasjon til å vera meir årvakne og til å seia oftare frå om brot på mållova.

24

25 NÆRINGSLIVSARBEID

26 Hordaland Mållag vil halda fram med å ha ein næringslivsansvarleg. Me vil oppmoda næringslivet i
27 fylket til å nytta meir nynorsk, dette kan til dømes skje i samarbeid med Bergen Næringsråd.

28

29 BLEST

30 Me må blesta både målsaka og nynorsk språk på alle område. Me ynskjer å ha påverknad på ein
31 positiv måte slik at fleire folk, både i organisasjonslivet og elles, nyttar nynorsk.

32

33 VERVING

34 Verving til NM er meir lokallagsarbeid enn fylkeslagsarbeid. Likevel kan Hordaland Mållag gjera sitt,
35 m.a. ved å utvida vervearbeidet til å omfatta nye grupper. Me vil få fram kor viktig det er å vera med
36 i mållaget og korleis dette styrkjer språk på mange måtar.

37

38 STYRKJA LAGA

39 Me vil arbeida for oppattskipping og nyskipling av lag. Me vil også styrkja organisasjonen og kontakten
40 mellom laga, NM og heile samskipnaden.

41

42 SKIPA TIL SEMINAR OG MØTE, TIL DØMES BERGENSKONFERANSEN FOR NYNORSK 2019

43 Hordaland Mållag skal saman med Bergen Mållag og Bergen kommune ta del i å skipa til
44 Bergenskonferansen for nynorsk 2019 6. og 7. april på Grand Hotel Terminus. Me vil vera med å
45 gjera konferansen synleg og syta for at så mange som råd kjenner til konferansen. Hausten 2019 vil
46 me skipa til skulemålseminar kor arbeid med styrking av nynorsk i barnehagar har ein særskilt plass.
47 Det er også kommune- og fylkestingsval denne hausten, og me vil skipa til valmøte i førekant av det.
48 Hordaland Mållag vil oppmoda alle parti som stiller liste til fylkestingsvalet om å prioritera nynorsk i
49 materiell og PR-arbeid. I tillegg vil me skipa til haustfest for medlemene våre i oktober eller
50 november for å stimulera til høgare aktivitet og eit betre sosialt miljø i laget.

51

52 HALDA KONTAKT MED STYRESMAKTER OG NÆRINGS LIV

53 Det er naturleg for Hordaland Mållag å ha møte med leiinga i Hordaland fylkeskommune, Bergen
54 kommune og Bergen næringsråd. Møte som har med utdanning å gjera er svært viktige, men og
55 møte om språkbruk innan andre etatar.

56

57 ANNA ORGANISASJONSARBEID

58 Me vil skipa til fylkesårsmøte, delta på årsmøte i Hordaland Teater og Folkeakademiet, på
59 landsrådsmøte i NM og andre tilskippingar som er til beste for nynorsken. Hordaland Mållag til delta
60 aktivt i arbeidet med Nynorskens hus i Bergen. I 2019 er det ikkje landsmøte i Noregs Mållag, men
61 me vil bruka perioden på å førebu oss til årsmøtet i 2020.